

Austrheim Kommune
Sætremarka 2
5943 Austrheim

Att.: Rådmann Jan Olav Osen

Knarvik, 12. august 2016

Søknad om tilskott frå Austrheim kommune

Austrheim kommune har sidan stiftinga av Industriutvikling Vest AS i 2011 vore ein viktig økonomisk bidragsytar til drift av industriinkubatoren i noverande periode. Det pågår no ein prosess med å finansiere inkubatordriften for dei kommande 5 åra. Vi ønsker med dette å søkje Austrheim kommune for tilskott også i den neste inkubatorperioden.

Kort resymé:

Industriutvikling Vest AS har sidan mai 2011 drevet inkubatorverksemd i Nordhordland. Sidan da har vi bidrege til at 15 nye selskap er etablert i Nordhordland, samt 37 nye arbeidsplassar. Utover dette har vi deltatt i ei rekke fellesprosjekter som har involvert fleire bedrifter og offentlege aktørar, særleg knytt til utvikling av Mongstadregionen. Fleire selskap har oppnådd stor suksess, t.d FeC AS der Kathrine Molvik ble Female Entreprenur 2016 (Årets gründerkvinne i Norge). Hausten 2014 etablerte vi gründerfellesskapet «Dampen» i Knarvik som har vorte ein viktig arena for nyskaping i regionen og møtestad for næringslivet generelt.

Det føregår no ein prosess der dagens eigarar av Industriutvikling Vest AS og andre offentlege aktørar som Fylkeskommune og kommunar former ein søknad til SIVA SF for ein ny inkubatorperiode på 5 år for 2017-2021.

Forslag til finansieringsramme for perioden 2017-2021:

Tilskott	Årleg	Total 2017-2021
Frå eigarane	3 500 000	17 500 000
Fylkeskommune, kommunar, andre	1 750 000	8 750 000

Styret i Industriutvikling Vest har store ambisjonar for selskapet dei nærmaste åra. Meir midlar vil verte tilført gründerar og eksisterande næringsliv i regionen, samt at IUV vil auka eigne ressursar med fleire tilsette for å gje rådgiving til fleire verksemder.

Hovudmålsettingane er:

- Minst 25 nye berekraftige etableringar
- 75 nye arbeidsplasser, samt å sikre 50 noverande arbeidsplasser


Fram til i dag har Lindås og Austrheim kommunar bidræge med årlege driftstilskott. Styret ønsker å få fleire kommunar med i den vidare satsing. Det vil visa at regionen står meir samla bak i ein ny inkubatorperiode, det betrar finansieringa som vil gje eit enda betre tilbod for gründerar og næringsdrivande i kommunane. Det kan nemnast at SIVA SF som er vår programeigar har gjeve førehandstilsegn om auka tilskott med ein million årleg(til 1,5 mill. frå 0,5 i dag) dersom det kjem ein søknad og opptak i nytt inkubatorprogram skjer. Det ser IUV som ein god anerkjenning for det arbeidet som er utført så langt, samt vilje til å satsa meir i tida som kjem.

Industriutvikling Vest vonar at Austrheim kommune vil ta del i vår styrka satsing på nyskaping og omstilling i regionen. Vi søker derfor kommunen om kr. 125.000,- i årlege driftstilskott for perioden 2017-2021.

Vi håpar på velvillig handsaming av søknaden. I den prosessen ønsker Industriutvikling Vest eit møte med Austrheim kommune for å sjå på vidare samarbeid. Då vil ein orientera meir om oppnådde resultat fram til no, samt planane for dei neste åra med særleg fokus på mogeleg samarbeid med kommunen og utvikling av Mongstadregionen. I andre kommunar har vi også orientert Formannskapet om aktiviteten og planane våre.

Ta kontakt dersom noe er uklart.

Mvh



Børge Brundland
Dagleg leiar